

## Notat

Vår referanse  
24/3060 24/15185

Dykker referanse

Sakshandsamar  
Anne Kathrine Løberg

Dato  
04.12.2024

## **Retningsliner for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande**

### **Om ordninga**

Føremålet med NMSK tilskotet er å stimulerer til auka verdiskaping i skogbruket med bakgrunn i regionale og lokale prioriteringar. Det er kommunen som fattar vedtak om tildeling av tilskot, og det skal fastsettast overordna retningsliner for prioritering av søknadar.

Retningslinene skal utarbeidast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane lokalt.

Retningslinene er drøfta i møte den 04.12.2024 i kontaktutvalet for skogbruk for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid, Sande og Vanylven. Dei er og korrigert etter tilbakemelding frå Statsforvaltaren.

Prioriteringar og satsar vert gjennomgått kvart år i møtet i kontaktutvalet for skogbruk i kommunane. Eventuell justering av tilskots- og timesatsar vert utført etter behov og etter dialog mellom kommunane i 7-stjerna. Kommunane samordnar også retningslinene for ordningane.

Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som tildeler kommunane midlar kvart år. Midlane vert, så langt som råd, tildelt etter innmeldte behov.



# **Skogkulturtiltak**

## Prioritering av tilskot

1. Tilskot til planting av hogstflater
2. Suppleringsplanting ved behov
3. Tilskot til ungskogpleie
4. Take oppatt gamle grøftesystem i samband med tilplanting
5. God marknadsføring av tilskotsordningane

Unytta tilskotsmidlar i kommunane Herøy, Ulstein og Hareide (interkommunalt samarbeid) kan overførast mellom kommunane når det er behov for det. Overføringa må gjerast innafor same tilskottssår.

## Retningslinjer for tilskot

Fastsett med vising til Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket §4.

1. Nyplanting og suppleringsplanting
  - a. Inntil kr 5,00 pr. plante til eige arbeid
  - b. Inntil kr 6,00 pr. plante for suppleringsplanting til eige arbeid
  - c. Elles etter rekning frå entreprenør
  - d. Inntil 50 % tilskot til planting etter hogst
  - e. Inntil 60 % tilskot til suppleringsplanting
2. Flaterydding
  - a. Inntil 70% tilskot, maks kostnad kr. 150,- pr. dekar
3. Markberedning
  - a. Inntil 70% tilskot
4. Felling av nyttbart lauv
  - a. Inntil 70 % tilskot, maks kostnad kr. 150,- pr. dekar
  - b. Vilkår for tilskotet: Lauvet skal fjernast frå flata og flata skal plantast til med bartre (blandingsskog).
5. Ungskogpleie
  - a. Inntil kr. 400,- pr. daa for eige arbeid
  - b. Inntil 70 % tilskot
6. Grøfting
  - a. Inntil 70 % tilskot av godkjent kostnad.
  - b. Tiltaket gjeld vedlikehald av grøfter på areal der det er gjennomført hogst. Ordninga gjeld ikkje nygrøfting.
7. Ringbarking
  - a. Inntil 70% tilskot av godkjent kostnad.
  - b. Tiltaket skal godkjennast av kommune før arbeidet startar.
  - c. Ordninga gjeld ved treslagskifte frå lauv til gran.
  - d. Laubbestandet skal ikkje vere økonomisk drivbart.

## **Skogsvegar**

### Prioritering av tilskot

1. Vegar planlagt i tråd med hovudplan eller foreløpig hovudplan.
2. Vegar som vil utløyse stor aktivitet i nær framtid.
3. Løysing av flaskehalsar, snuplassar og tiltak for å få tømmerbil av offentlige vregar.
4. Skogsbilvegar vert prioriterte framfor traktorvegar.
5. Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløysingar.
6. Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vregar som elles vert vurdert likt.
7. Skogsvegar som ikkje gir grunnlag for rekingssvarande drift på kort eller lang sikt, inkludert byggekostnadane for vegen, får normalt ikkje tilskot.

### Retningslinjer for tilskot

Fastsett med vising til Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket §5.

1. Krav til veganlegget:
  - a. Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal kommunane ha godkjent planane for byggearbeidet.
  - b. Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
  - c. Standard på tilstøytande offentleg veg skal avklarast. Det vert ikkje løyvd tilskot til vregar som er knytt til vregar med så låg bereevne at tilskotsvegen ikkje kan nyttast til føremålet.
2. Vilkår:
  - a. Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
  - b. Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging. Det skal vere planlagt snu- og velteplassar.
  - c. Indre diameter på stikkrenner skal vere 400 mm. For stikkrenner som berre har drensfunksjon kan indre diameter vere ned til 150 mm.
3. Søknad, sakshandsaming og utbetaling:
  - a. Søknad på fastsett skjema skal sendast kommunen for kontroll og prioritering.
  - b. Søknadsfrist for fyrste tildelingsrunde er 15. mars. Etter dette vert det løpende vurdering av innkomne søknader viss det er att midlar.
  - c. Søknaden skal innehalde ei lønnsemdberekning som syner det økonomiske resultatet av vegbygginga. Her skal vegkostnadar og driftsutgifter i sum ikkje vere større enn det som er venta av inntekt frå tømmeret i vegen sitt dekningsområde.
  - d. Skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling av tilskot.
  - e. Kommunen skal kontrollere at byggearbeidet er gjennomført i tråd med føresetnadane.
  - f. Kommunen skal sluttgodkjenning byggearbeidet og rekneskapen.
  - g. Kommunen skal følgje opp vilkår som er sett, og i dialog med statsforvaltaren, setje i verk naudsynte tiltak.

#### 4. Tilskotssatsar:

- a. Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: Inntil 50%.
- b. Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60% tilskot.
- c. Traktorveg kl. 7: Inntil 40%. Høgaste sats kan berre brukast der vegen vert bygd om til skogsbilveg på eit seinare tidspunkt.
- d. Kostnadars ved innleie av hjelpe til vegplanlegging/byggeleiing har lik sats som vegtilskotet. Ved bruk av godkjent vegplanleggjar kan tilskotet aukast med 5% og for godkjent prosjektleiar med 3%.
- e. Særskild ulempetilskot i samband med klimatilpassing/sikring etter drift skal avklarast med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

## Taubanedrifter og andre driftsformer

### Prioritering av tilskot

1. Taubanedrifter med fast og løpende berekabel.
2. Drifter ved hjelp av maskinvinsj/ hjelpevinsj.
3. Motormanuell felling til hogstmaskin i bratt terren.
4. Drift av glissen skog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna.
5. Andre tiltak som bidreg til å utvikle skogbruket.

### Retningslinjer for tilskot

Fastsett med vising til Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket §7.

#### 1. Vilkår:

- a. Taubanetilskot bør prioriterast for å gje gode løysingar både økonomisk og miljømessig. Dei skal ikkje vere til hinder for betre løysingar som til dømes vegbygging.
- b. Virket skal vere registrert i virkesdatabasen.
- c. Kommunen skal førehandsgodkjenne alle taubanedrifter. Retten til tilskot fell bort ved oppstart utan godkjenning.
- d. Minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot og tilskot til maskinvinsj og motormanuell felling:

Bonitet	Lågaste hogstalder	Kommentar
G23	65	Alderskrav kan fråvikast av helsemessige eller andre årsaker, ved vurdering og godkjenning frå skogansvarleg i kommunen.
G20	70	
G17	75	
G14	80	

- e. Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- f. All skogsdrift skal gjennomførast i samsvar med *Forskrift om berekraftig skogbruk*.
- g. Tilfredsstillande forynging etter hogst er eit vilkår for alle tilskota.
- h. Det vert ikkje gitt tilskot der areala skal omdisponerast til beite eller utbygging.

- i. Viss kostnadane, som ligg til grunn for tilskotet, aukar med meir enn 30 kroner/ kbm, kan kommunen heva tilskotsgrunnlaget etter søknad frå skogeigaren.
  - j. Det vert ikkje betalt ut tilskot for virke som er mål inn som vrak.
2. Søknad, sakshandsaming og utbetaling:
  - a. Søknad på skjema SLF-916 skal nyttast.
  - b. Ved søknaden skal det leggast ved eit detaljert kart som syner driftsområdet.
  - c. Søknadane vert handsama løpande.
  - d. Kommunen løyver, kontrollerer, vurderer støttenivå og attesterer.
  - e. Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.
3. Tilskotssatsar:
  - a. Taubanedrifter, tilskot reknast ut frå formelen:  
$$\text{Tilskot} = 200 - 0,6 \times (\text{tømmerpris} - \text{driftskostnad})$$
Driftskostnaden vert rekna fram til bilveg. For å stimulere til drift med taubane vert det ytt eit minste tilskot på 30 kroner/ kbm. Tilskotet er avgrensa til maksimalt 300 kroner/ kbm.
  - b. Eigenaktive skogeigarar med taubane/ slepebane:  
Inntil 250 kroner/ kbm.
  - c. Drift ved hjelp av maskinvinsj/ hjelpevinsj:  
Inntil 50 kroner/ kbm.
  - d. Motormanuell felling til hogstmaskin i bratt terreng:  
Inntil 60 % tilskot for dokumentert kostnad avgrensa til 550 kroner/time.
  - e. Ved treslagsskifte:  
Inntil 250 kroner/ kbm. for hogst av lauv og inntil 150 kroner/kbm for hogst av furu. Det er eit vilkår at kommunen skal godkjenne tiltaket før det vert starta på.
  - f. Andre tiltak som bidreg til å utvikle skogbruket:  
Inntil 500 kroner/ kbm.